

25 på Andrea-konsert nummer ni

16.08.2009



Det mangla litt på halvfullt hus då Andre Rice heldt sin konsert nummer ni på Dønhaug i kjedlaren sundag kveld.

25 hadde møtt fram til konserten, som også var den siste under hennar turne i Noreg denne sommaren.

Men ettersom det var fullt hus med 65 under konserten dagen før har Magne Huglen neppe grunn til å vera misnøgd med frammøtet.

Andrea er og blir ein sikker vinnar på Dønhaug.

Ho gjennomførte også den siste konserten i fin og energisk stil saman med ektemannen Fee Dobbin, Mark Haddock og den ni år gamle dottera Aoife.

Denne gongen fekk vi ikkje berre oppleva jenta som songar, ho viste at ho i tillegg er eit gryande talent som dansar! Men så har ho også gått i ein god skule.

(Foto: Ola Matti Mathisen)